




Turstiar i Hjelmeland

www.hjelmeland.kommune.no



Parkering



Informasjonsskilt



Utkikkspunkt



Rasteplass

Randåsen

Parkeringsplassen og utgangspunktet for turen ligg ved fylkesvegen på Randøy (merka med blått), aust for Randa mellom Sandanger og Breivik.

Vil du vita meir om ulike treslag som barlind, eik, bjørk og rogn? Kva veit du om moderne skogsdrift? Ein tur i skogsstien på Randa (merka med oransje) kan gi deg svar på mykje. Plakatlar frå Skogselskapet er med på å gjera denne korte runden interessant.

Er du villig til å slita litt meir, er turen til Randåsen (merka med raudt) ei oppleving. Randåsen ligg på eit lag av den nærings-rike skiferbergarten fyllitt. Fyllitten gir godt jordsmonn til krevjande artar som blåveis og kristtorn.

Fyllitten har og gitt grunnlag for omfattande uttak av skiferheller. Også i dag vert det tatt ut skifer på Randøy, mellom anna i Randåsen og ved sjøen på garden Randa.

Blåveisen finst i hovudsak på kalkgrunn på Austlandet og i Trøndelag, men vi finn han og på nokre få plassar på Sør-Vestlandet. Han har gått sterkt tilbake på grunn av plukking, og han bør difor få stå i fred også her.

Steinbordet på rasteplassen langs skogsstien er eit syn. Det same er utsynet herfrå og frå toppen av Randåsen - du ser like til Ullandhaugtårnet i Stavanger.

Du kan velja å berre gå skogsstien. Løypa til Randåsen tek av frå merka punkt i skogsstien. Vil du gå kortaste vegen til Randåsen, må du gå om rasteplassen på skogsstien.

Rundløypa i skogsstien er vel 2 kilometer lang. Avstikkaren til Randåsen er snautt 2 kilometer. Skogsstien tek snautt 1 time. Turen om Randåsen tek kring 2 timar.

Høgdeskilnaden er ca. 260 meter.



Idyllisk tjorn på Randåsen. (Foto: Anne Kari Skogerbø)



Utsyn mot Kådavågen, Halsnøy og Finnøy. (Foto: Anne Kari Skogerbø)



Rasteplassen på skogsstien. (Foto: Anne Kari Skogerbø)